

## REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I OSTERØY IDROTTSKLAG 2008

Stad: Osterøy stadionbygg

Tid: 3. mars 2008 kl. 19.00

Frammøte: Det møtte 11 medlemmer

### SAKLISTE

- SAK 1 Godkjenning av innkalling og sakliste.  
Innkallinga og saklista vart enstemmig godkjent.
- SAK 2 Val av ordstyrer og referent.  
Øyvind Litland vart valgt til ordstyrer og Geir Kleppe til referent.
- SAK 3 Årsmelding for 2007 inkl. gruppene sine årsmeldinger
- SAK 4 Rekneskap for 2007 og disponering av årsresultat
- SAK 5 Revidert lagslov
- SAK 6 Organisasjonsplan, ny (inkl. retningslinjer for ærdsmedlemskap)
- SAK 7 Budsjett/medlemspengar
- Medlemspengar 2008 og 2009
  - Budsjett 2008, samlebudsjett for gruppene og detaljbudsjett for hovudlaget.
- SAK 8 Val.
- Styre, gruppestyra og revisorer
  - Utsendinger til ting og møter i organisasjoner idrettslaget er tilslutta
  - Valnemnd til hovedstyre

### **Sak 3      ÅRSMELDING 2007**

Den samrøystes vedtekne årsmeldinga ligg ved som vedlegg 1.

### **SAK 4      REKNESKAP 2007 OG DISPONERING AV ÅRSRESULTATET**

Resultatrekneskap og Balanse for OIL samla og for dei sinsskilde gruppene vart lagt fram. Samla resultat for OIL var kr 181 760,37. OIL har framleis ein del utskriven medlemskontingent som ikkje blir betalt. For 2006 står det framleis ubetalt kr 28 923,- i medlemskontingent. I tillegg er det følgjande "gamle postar" i hovudkassen sin balanse som blir foreslått ført vekk:

- Konto nr. 1511 – OCR med ukjent KID                      kr 1 850,-
- Konto nr. 1520 – Andre kortsiktige fordringar            kr 410,-
- Konto nr. 2420 – Annen kortsiktig gjeld                    kr 1 719,-
- Konto nr. 2429 – Handballgruppa                            kr 5 000,-

**Samrøystes vedtak:** Overskot/underskot blir lagt til/trekt frå eigenkapitalen i dei respektive gruppene. Ubetalt medlemskontingent kr 28 923,- blir tapsført og belasta hovudkassen sin balanse. Dei fire "gamle" postane ovanfor blir også å føra mot hovudkassen sin eigenkapital. Note 6 i rekneskapen blir utvida med budsjett og finansieringsplan for Fugledalen datert 10.01.08.

### **SAK 5      REVIDERT LAGSLOV**

Lov for Osterøy Idrettslag, revidert etter basis-lovnorma sist revidert av NIF i november 2007, vart lagt fram og diskutert. Lova inneheld no i hovudsak det som basis-lovnorma inneheld. Serskilde forhold for OIL blir teke inn i organisasjonsplanen, som er eit dokument som etter lova skal handsamast på kvart årsmøte.

**Samrøystes vedtak:** Den framlagde reviderte lagslova vart vedteken. Lagslova vert sendt til Idrettsstyret for endeleg godkjenning.

### **SAK 6      ORGANISASJONSPLAN**

Etter basis-lovnorma skal årsmøte kvart år vedta laget sin organisasjonsplan. I samband med dette legg styret fram OIL sin fyrste organisasjonsplan for årsmøte. Planen vart gjennomgått og diskutert. Saman med organisasjonsplanen vart også retningslinjer for ærmedlemskap lagt fram.

Utover mindre endringer vart både organisasjonsplan og retningslinjer for ærmedlemskap samrøystes vedteke.

:

## SAK 8 BUDSJETT

For å effektivisera arbeidet med innkreving av medlemspengar blir det foreslått å endra dagens praksis. Det vil seia at årsmøte vedtek medlemspengane for meste år. Utsending av medlemskontingent kan då skje ved starten av året. Dagens ordning gjer at kontingentkravet først kan sendast ut etter årsmøte, dvs. i praksis i mars/april. Styret foreslår difor at årsmøte denne gangen vedtek medlemspengar både for 2008 og 2009. Kontingenten har vore uendra dei sit åra, men blir no foreslått auka.

### ➤ Medlemspengar 2008 og 2009

Forslag frå styret:

- barn kr. 225,- (auke kr 25,-)
- vaksne kr. 450,- (auke kr 50,-)
- purregebyr på kr. 50 pr. purring (uendra)

### ➤ Budsjett 2008, samlebudsjett for gruppene og detaljbudsjett for hovedlaget

Budsjett for OIL fordelt gruppevis var lagt fram. Totalt blir det budsjettert med kr 2 127 600,- i inntekter og kr 2 053 252,- i utgifter, noko som gjev eit positivt resultat på kr 74 348,-. Av hovedkassen sine andre inntekter gjeld kr 50 000,- refusjon frå gruppen for kostnader med heimesida. Fordeling mellom gruppene er ikkje ferdig diskutert. Styret får derfor i oppdrag å arbeide vidare med dette.

**Samrøystes vedtak:** Medlemspengane for 2008 og 2009 vedteke som føreslått. Budsjett 2008 vedteke. Fordeling av kr 50 000,- til heimesida blir delegert til styret å ta stilling til saman med gruppene så snart råd er.

## SAK 9 VAL

Valnemnda la fram følgjande forslag, som vart einstemmig vedteke.

STYRET:

Leiar	:	Jørgen Varden	08
Nestleier	:	Geir Kleppe	08
Kasserar	:		
Sekretær	:	Ragnhild Balsvik	07/08
Styremedlem:		Johannes Borge	07/08
Styremedlem:		Øyvind Markmannrud	08/09
1 varamedlem:			
2 varamedlem:			

Revisor:	Roger Breivik
Revisor:	

Vara revisor:

Vara revisor:

Valnemd:	Askil Solberg (leiar)	Attval 2008
”	Svein Lohne	Ny 2008
”	Kari Hestnes	Ny 2008

Gruppestyra:

<b>GRUPPE</b>	<b>LEIER</b>	<b>KASSERER</b>	<b>SEKRETÆR</b>
Fotball	Ivar Solberg	Tore Langeland	Gerd K. Njåstad
Friidrett	Sigbjørn Reigstad	Ole Johannes Mjøs	Jan Roar Solberg
Ski	Øyvind Litland	Bernt J Flæsland	Øyvind Litland
Turn	Renate Søgnesand	Monika R. Solberg	Målfrid V. Lohne
Volleyball	Trude Jacobsen	Siw M. Jacobsen	Therese W. Bjørkmann
Handball	Kjersti Kleppe	Anne Lise Hoshovde	Johanne Soltvedt
"Spretten"	Åshill Fredriksen	Nina Fjellskålnes	Åshill Fredriksen

Årsmøte gjev styret fullmakt til å nemne opp dei vakante postane (1 styremedlem for 2 år, 2 varamedlemer for 1 år og revisor.

Styret får også fullmakt til å utpeika representantar til ting og møter i organisasjonar idrettslaget er tilslutta.